

Ein uskedeling vil no melda eit grovt skadeverk på fleire tre som han eig til politiet. Det er bora hol i trea nede ved rota og truleg sprøyta inn gift, opplyser han til uskedalen.no

For nokre år sidan fann han under eit gammalt tre nokre kastanjenøtter som han planta. Resultatet vart livskraftige småtre som han seinare planta ein annan stad. Der voks dei og trivdes.

Uskedelingen var difor svært forundra då han i fjor vår og i sommar registrerte at trea skranta og etterkvart døydde. Dei har preg av å ha vore utsett for kjemisk påverknad, men dette fann han så urimeleg at han heller trudde på eit soppangrep.

Han fjerna det eine treet, men let det andre stå fordi det framleis var litt liv i det. Men i år har også den tredje og mest frodige kastanjen teke til å skranta.

Og no har saka utvikla seg ytterlegare. Ikkje nok med at ein stor, gamal hegg syng på siste verset. Uskedelingen har også oppdaga at tre andre store tre har vorte skada på same viset. Difor finn han saka så ålvorleg at han overlet ho til politiet.

Av Ola Matti Mathisen